

## **Sak 08-21 Merknader til rullering av kommuneplan for Volda Kommune. Sak 19/10011.**

Tilråding til vedtak:

Styret i VØR har slike merknader til Kommuneplan for Volda Kommune, som no er ute på høyring.

1. I samband med at kommunen opnar for utbygging av fleire områder for fritidsbustader, må kommunen og sette av areal for felles renovasjonspunkt for disse i kommuneplan og reguleringsplan, store nok til at der er høve for ulike sorteringsalternativ. Tilkomsten må vere slik at dei kan tømast med renovasjonsbil. Dette etter nærare samråd med VØR.
2. Kommunen bør i reguleringsplan stille krav om at det vert skipa sameige i nye hytteområder, som får ansvaret for brøyting av felles renovasjonspunkt.
3. Kommunen bør delegere ansvaret for å føre tilsyn med separate slamavskiljarar og tette slamtankar, til VØR. Likså mynde til pålegg om utbetring av einskildanlegg i tråd med gjeldande kloakkrammeplan.
4. Høyringsuttalane er relevante også for Ørsta Kommune, slik uttalen går og dit, for at ein kan innarbeide merknaden når kommuneplan for Ørsta skal rullerast.

### **Saksutgreiing**

Saka gjeld merknader til høyring / offentleg ettersyn av Kommunedelplan for tidlegare Volda Kommune. Høyringsfristen er 7 februar 2021.

Høyringsuttalen rettar seg mot to områder som er VØR sitt ansvar, og der vi til tider har utfordringar. Det eine er utbygging av fritidshus. Dette er omtala i planomtalen side 23. Utfordringa for VØR er der ikkje vert sikra areal for renovasjon knytt til fritidshusutbyggingar. Når så VØR kjem inn i ettertid, er det svært vanskeleg å skaffe areal til oppsamlingseiningane til VØR, med resultat at tilbødet til dei med fritidshus vert skadelidande.

Dei aller fleste hytter i dag er oppgraderte og fullisolerte og vert nytta heile året ofte i lengre periodar om gangen. Då må renovasjonsløysingane vere tilpassa slik det verkeleg er.

VØR sine styrande organ har lagt opp til at og fritidshuseigarane skal sortere avfallet sitt i mange fraksjonar etter kvart, og då må der vere plass til fleire typar containerar der disse oppsamlingseiningane skal plasserast. Grunna misbruk av fastbuande eller tilreisande utanfrå, må der vere plass til å etablere tilgangskontroll og kameraovervaking til disse punkta, slik at ein får kontroll på at berre brukarar som betalar abonnement, får høve til å nytte containerane.

Kommunaltekniske anlegg er omtala på side 22 i planomtalen. Sju stjerna har i mange år arbeida med å lage til ei tilsynsordning for separate slamavskiljarar og tette tankar for heile Søre Sunnmøre. Dette arbeidet synes å ha stoppa opp.


Opprydding i, tilsyn med og utslepp frå separate slamavskiljarar er ikkje omtala i planen. Det burde de vere. I Volda kommune har VØR registrert totalt 852 separate slamavskiljarar / tette tankar. Så omfanget er vesentleg.

VØR sender over avviksliste over slamavskiljarar til kommunane, der dei same anlegga og dei same feila går att år etter år. Kommunane prioritetar ikkje dette. Av den grunn bør det no takast tak i kommuneplan.

Vår råd er å overføre mynde til VØR, for å ta i vare denne tilsynsoppgåva.

VØR har dokumentasjonskrav av avvik i sin kontrakt med entreprenør. I avvikslistene går det tydelig fram kva som er avvik. Vi har såleis grunnlag for å krevje utbetringar, men manglar legalitet. Dette ber vi no om at eigarkommunane gir oss.

Her er ei problemstilling rundt pålegg om utbetring av anlegg, der kommunen planlegg å etablere samleidning og reinseanlegg. Men den er ikkje større enn at ein ved årlege møte med VA avdelingane i kommunen, kan avdekke og løyse det.



Petter Bjørdal

Vedlegg:

Kommunedelplan for tidligare Volda Kommune, med retningslinjer, føresegner og ROS analyse. ( ikkje skriv det ut. Lesast på nett)





Volda Og Ørsta Reinhaldsverk Iks  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Vår referanse  
19/10011 20/23910

Din referanse

Sakshandsamar  
Regine Solberg Aklestad

Dato  
10.12.2020

## **2. gongs høyring/offentleg ettersyn - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune**

Formannskapet har i møte 08.12.20, sak 251/20 vedteke å fremje forslag til kommunedelplan for tidlegare Volda kommune og legge planen ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.

Kommunedelplanen omfattar alt areal innanfor tidlegare Volda kommune, både land- og sjøareal, og vil vere eit overordna styringsdokument dei komande åra.

Planforslaget består av planomtale, plankart, føresegner og retningsliner, temakart, konsekvensanalyse og risiko- og sårbarhetsanalyse, sjå vedlegg. Planforslaget og andre sentrale dokument er også tilgjengelege på kommunen si heimeside (<https://www.volda.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/kommuneplan/>). Plankarta er i tillegg tilgjengelege på <https://kommunekart.com/> under kartlaget «kommuneplanrullering».

Merknader til planforslaget må sendast skriftleg til Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda, eller med e-post til [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no). Merkast med sak 19/10011. Frist for uttale er 7. februar 2021.

Med helsing

Regine Solberg Aklestad  
kommuneplanleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

### Vedlegg

Vedlegg 1\_Planomtale 2 høyringsutkast

Vedlegg 2\_Føresegner 2 høyringsutkast

Vedlegg 3\_Plankart\_arealformål 20201127

Vedlegg 4\_Plankart\_Sikrings støy og faresoner H100 H200 H300

Vedlegg 5\_Plankart\_Omsynssoner H500

Vedlegg 6\_Plankart\_Bandleggings gjennomførings og føresegnssone H700 H800 H900

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Sentralbord: 70 05 87 00  
Org. nr: 939 760 946  
Kontonr: 3991.11.94590

Vedlegg  
 Vedlegg 7\_Konsekvensutgreiing 20201125  
 Vedlegg 8\_ROS-analyse 20201013  
 Vedlegg 9\_ROS vurdering av utbyggingsområde 20201030  
 Vedlegg 10\_ROS\_Temakart\_Naturrisiko  
 Vedlegg 11\_ROS\_Temakart\_Sårbare objekt del 1  
 Vedlegg 12\_ROS\_Temakart\_Sårbare objekt del 2  
 Vedlegg 13\_ROS\_Temakart\_Verksemdsrisiko  
 Vedlegg 14\_Temakart\_Grønstruktur og Friluftsliv  
 Vedlegg 15\_Temakart\_Landbruk  
 Vedlegg 16\_Temakart\_Fritidsbusetnad  
 Vedlegg 17\_Temakart Infrastruktur  
 Vedlegg 18\_Vedtak FSK

Mottakar			
Avinor As	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Barnerepresentanten			
Brannavd.			
Direktoratet For	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Mineralforvaltning Med			
Bergmesteren For Svalbard			
Eid Kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Eigedom			
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
REGION MIDT			
Folkehelsekoordinator			
FYLKESMANNEN I MØRE	Postboks 2520	6404	MOLDE
OG ROMSDAL			
Helse Møre Og Romsdal Hf		6026	ÅLESUND
Helse og Omsorg			
Herøy Kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Hornindal Kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Høgskulen I Volda	POSTBOKS 500	6101	VOLDA
Kommuneoverlege			
Kultur og Service			
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Landbruk	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Møre Og Romsdal	Postboks 2500	6404	MOLDE
Fylkeskommune			
NORGES VASSDRAGS-	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
OG ENERGIDIREKTORAT			
(NVE)			
Oppvekst			
Statsbygg	Postboks 232 Sentrum	0103	OSLO
Teknisk sektor			
Ulstein Kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Vanylven Kommune	RÅDHUSET	6143	FISKÅ
Volda kyrkjelege fellesråd	Postboks 17	6101	VOLDA
v/Jostein Stråbø			
Ørsta Kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA

Volda kommune  
 Stormyra 2  
 6100 Volda

www.volda.kommune.no  
 postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00  
 Org. nr: 939 760 946  
 Kontonr: 3391.07.81727

---

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Sentralbord: 70 05 87 00  
Org. nr: 939 760 946  
Kontonr: 3391.07.81727